

# GRÅFELDEN I NORSK HISTORIE

*Foredrag i det Norske Vitenskaps-Akademi i Oslo  
13. september 1929*

AV HALVDAN KOHT

I mange hundre år har Hålogaland vore det store utførsels-lande for fisk ifrå Noreg, og i røynda var vel Hålogaland det fyrste norske fylke som avla varer til utførsel i stor stil.<sup>1</sup> Men fisken, skreia, var i gamal tid slett ikkje den einaste, kanskje jamvel ikkje den eiste vara dessmeir, som håløygene førde ut og handla med. Dei eiste pålitande opplysningane um fisk-utførsel derifrå går ikkje lenger tilbake enn til 12te hd.-åre.<sup>2</sup> Det fyrste historiske aktstykket som nemner Lofotfiske på slik ein måte so ein kann tenke på stor fisk-handel, det er ei rettarbot frå umlag 1115.<sup>3</sup> Men same rettarbota fortel oss at kongen hadde einrett til å kjøpe all «klo-

<sup>1</sup> Eg en nøydd til å sette utafør rekninga den gissinga Alexander Bugge har teke upp (Den norske sjøfarts historie, I 10—16 [1023]), um ei stor trelast-ut førsel ifrå Vestfold alt ifrå 800-tale; eg har ikkje kunna finne ei einaste faktisk opplysning som stor denne gissinga.

<sup>2</sup> Sjå Alexander Bugge i HT. 3. R. IV 9 -10, sfr. d. s. Studier over de norske byers selvstyre og handel, s. 120. Eg trur ikkje det er rett å bygge noko på forteljinga i saga um Egil Skallagrimsson (k. 17), um at Torolv Kveldulvsson på Torgar dreiv skreifiske i Lofoten og for med fisk til England; dette drage høyrer mod i den ålmenne historiske utbunaden som saga bar teke ifrå den tida ho er sett ihop i.

<sup>3</sup> NgL. I 257

vara», d. v. s. dyrefelder, nordafor Trøndelag,<sup>1</sup> og dermed har vi då nemnt den andre store utførsels-vara ifrå Hålogaland i gamal tid, — det var skinn. Dette skinn var likevel ikkje i grunnen ekte håløygsk vare; håløygene henta det i F i n n m a r k, og ein torer visst segje at skinnhandelen med finnane var grunnlage for den fyrste norske utførsel som ein kann kalle stor-handel.

«Finnkaup» og «finnferd» førde til både økonomisk og politisk utviding for norsk område, og alle omskiftingane i skinnhandelen hadde fylgjor for den norske riksvokstern, sumtid til vinning, sumtid til tap. Det ligg eit ikkje lite stykke av norsk historie i soga um gråfelden og andre dyrefeldar.

Rikaste meldingane um koss den gamle skinnhandelen gjekk for seg, har vi i den islandske soga um Egil Skallagrímsson. Soga er ikkje sett ihop og oppskrivnen fyre 13de hd.-åre, og det som ho fortel ifrå Hålogaland og Finnmark, fester ho til hendingar i slutten av 9de hd.-åre. Det er då greitt nok at vi må vere varsame med å ta for godt kvart eit ord i det ho fortel, og det synes tydeleg at soga-forteljaren har drege inn ymse ting som høyrer heime i ei seinare tid enn den han vil skildre, sumt jamvel som kanskje ikkje går lenger tilbake enn til 12te hd.-åre.<sup>2</sup> På den andre sida er det likso tydeleg at forteljinga bygger på gamle ætteminne: sume drag i ho het seg ikkje forklare annarleis enn at dei skriv seg

<sup>1</sup> NgL. V 832.

<sup>2</sup> Eg tenker på slikt som forteljinga um «kylvingane»; dei kann ikkje godt vere anna enn handelsfolk frå Gardaríke, men kann da ikkje vel vere tenkelege i Finnmark tidlegare enn 12te hd.-åre, eller tidlegast i 11te. Den freistnaden Gustav Storm gjorde på å vise at kylvingane var svenske skatt krevjarar i 9de hd.-åre (Akademiske afhandlingar til Sophus Bugge, Kra. 1889), s. 73 - 79). var han slett ikkje heppen med: han bygde på vilkår i 17de og 18de hd.åre!

ifrå det opphavlege grunnlage,<sup>1</sup> og dei svarar so vèl med det som vi veit ifrå heilt samtidig kjelde, meldinga hos kong Ælfred etter Ottar ifrå slutten av 9de hd.-åre, so vi må ha rett til å nytte dei til opplysning um denne gamle tida.

Egils-soga fortel um finnferder som håløygiske hovdingar gjorde inn på fjelle eller «marka» i tri vintrar etter ein annan. Den «marka» det her er tale um, er ikkje det som vi i våre dagar kallar Finnmark; men det er dei store skogsviddene innafor Hålogaland, det som no er svensk Norrbotten. Soga læt håløyg-hovdingane fare der i umbod for kong Harald Hårfagre, og eg held det for truleg at dette kann vere rett; det gjev då vitnemål um at norsk riksmakt no tok til å tøygje seg inn etter Finnmark-viddene, visseleg i arv etter gamal håløygisk hovding-makt, — det kann vi sjå av fråsegnene frå Ottar. Vi høyrer at hovdingane både tok skatt av finnane og handla med dei, og vi ser at hovudvara som dei henta innpå marka, var det dei kalla «grå-vare», det som endå i sume bygdemål heiter «gråverk», d. e. ikonn-skin. I tillegg kunde dei få ymse finare skinn, soleis av høver og røyskatt og mård. Men det var stas-varer, rikmanns-bunad. Det som ein både kunde få og kunde kjøpe i større mengder, det var nett grå-vara, gråfelden.

Vi lyt hugse på at skinn var mykje meir nytta i ål-manna-bunaden i dei tidene enn no til dags. Endå valdet ikkje so langt tilbake til dei villmanns-tidene då folk helst berre klødde seg i skinn, og både smaken og skikken sat mykje att i dei framleis. Ikonne økslar seg so fort so det fans alltid mengder av det inni skogane, og ikonn-skinne kunde difor bli allemanns-skin. Men ikonn-skinne nordafrå Finnmark var meir vel-likka mellom folk enn det andre; for til lenger ein kjem imot nord,

<sup>1</sup> T. eks. forteljinga um kvæn-kongen Faravid.

so langt barskogen går, til finare ljøsgrå eller kvitgrå blir ikonn-felden um vinteren. Det var då ei vare som det kunde løne seg for håløygene å få tak i og føre i handelen, og Egils-soga vitnar um at det var ein handel som tidleg kom i sving: so fort dei norske kongane fekk herredøme på Hålogaland, slo dei finn hande len under seg og tok gråvara i skatt. Vi veit ifrå ei kongeleg rettarbot alt ifrå fyrstninga av 11te hd. åre, frå Olav den Heilage,<sup>1</sup> at dyrefeldar vart nytta til skatte-betaling, — so lett gjekk dei i handelen. Og same-eins var det endå lenge fram-etter.

Etterspurnaden etter skinnvara var det som førde nordmennene heilt burtanum Finnmark, so langt aust som til Bjarmaland inni Kvitehave. Kong Ælfred i England skreiv upp, venteleg i 890-åra, det som håløygen Ottar hadde fortalt han um ferda si dit aust, og vi ser at det som fyrr hadde lokka norske veidemenner nord-etter langs med Finnmark-strendene, kanskje so langt som til den Kvaløya Hamarfest ligg på, eller jamvel heilt til Gjesver utafor Magerøya, det var helst kval- og rossmål-veiding. Men etter dei hadde funne vegen til Bjarmaland, var det skinn dei for etter dit.

Lande sunnafor Kvitehave, det som no er guvernemeta Archangelsk, Severo-Dvinsk og Vologda, med dei veldige skogane kringum den store elva Dvina, var framifrå rikt nett på dei dyra som gav dei mest ettersøkte feldane, — ikonn, mård og bøver. Her fann nordmennene flust upp av den handelsvara dei hadde bruk for til avsetning både innalands og utalands. Og politisk utviding fylgde i fotefare etter den økonomiske.

Den fyrste kongen som førde norsk riksmakt heilt nord um Finnmark og aust i Kvitehave, det var Harald Gråfeld.

<sup>1</sup> NgL. I 437

Den gamle sogu-tradisjonen såg ikkje so blidt på Harald Gråfeld, og vi skjønner lett kvifor: han var då son til dronning Gunnhild, trollkjeringa, og til Eirik Blødøks, motmannen til den milde Håkon Adalsteinsfostre; sjølv hadde han vunne rike med å felle kong Håkon, og etter segna var det medan han var konge at Gunnhild kongsmor var ute etter kjærguten åt tradisjonen, Olav Trygveson. Men tvert igjenom den uvenlege tradisjonen skimtar vi drag som syner oss kongstanken frå Harald Hårfagre levande i sonsonen og namnen. Han er den fyrste som ein skald nemner med det byrge orde «Noregs konung».<sup>1</sup> Eit namnlaust lite folke-vers fortel um kor gildt folk tykte det var å feste augo på «Gråfelden»,<sup>2</sup> — verse nemner han berre med dette tilnamne, og det tykkjes ære i namne. At skalden hans, Glum Geireson, rosar han for våpendåd og djerv -leik, har mindre på seg; slikt står det i dråpune um alle kongane. Men merkeleg, einstaka er det som skalden fortel um hærferd so langt burt som nord i Bjarmaland. Verse<sup>3</sup> segjer at den gjæve kongen blodfarga sverde austpå, medan byen (eller grenda) sunnafor brann og det bjarmske folke rømde; på den ferda vann han seg eit stort namn, då han — so ung som han var — heldt slag på Dvina-stranda.

Det er ei av dei islendske sogune, saga um Egil Skallagrímsson, som har trudd at dette verse handla um Eirik Blødøks, og det fins granskarar i nytida som har late seg narre til å tru at forteljninga kunde vere sann både um

<sup>1</sup> Verse står i Fagrskinna. Heile kvæde er samla hos Finnur Jónsson, *Skjald.*, A, I 75—78.

<sup>2</sup> Dette verse fins i Ågrip.

<sup>3</sup> Det fins i Heimskringla og i Soga um Olav Trygveson.

farem og um sonen.<sup>1</sup> Men det er audsynt nok at yverføringa på Eirik Blodøks berre har grunn i segna urnat han fann dronninga si nord i Finnmark. Det kann ikkje godt vere nokon tvil um at verse gjeld Harald Gråfeld og ingen annan. Og det gjev då eit sterkt vitnemål um for ein stortenkt politikk han dreiv i dei få åra han var konge i Noreg. Med sigeren yver Håkon Adalsteinsfostre hadde han endå herre vunne Vestlande; men snart tok han Trøndelag og, i di han drap Lad-jarlen Sigurd Håkonsson og jaga sonen Håkon ut or lande. Um han greidde ta Austlande eller i minsto Vika, er kanskje tvilsamt. Men det som er vitnefast, det er at han tøygde makta si nord um Hålogaland og Finnmark og for med hær alt til Dvina-osen i Kvitehave, — skalden segjer at han sjølv var med der og såg koss bjarmane rømde.

Kva vilde Harald Gråfeld i Bjarmaland. Ferda kann ikkje godt ha havt anna formål enn å trygge det norske handelsveide, sette kongsmakta i staden for den håløygske hovdingmakta og gjere bjarmane skattskyldige på same måten som finnane. Skinnhandel og skinnskatt var det økonomiske innhalde i denne politikken, og det var politikk for di det var norsk kongsmakt som drog handelen og skatten inn under seg. Det var Harald Gråfeld som flutte den norske riksgrensa fram til Kvitehave.

Eg trur samtida måtte skjønne for eit storverk dette var. Og eg undras på um det ikkje var etter denne ferda at kong Harald fekk ærenamne Gråfeld.

Islendingane hadde ei lita segn um koss det var for deira skuld at han fekk tilnamne. Dei fortalde<sup>2</sup> at ein

<sup>1</sup> Oscar Albert Johnsen, Finmarkens politiske; historie, s. 15 -16; Alexander Bugge, Den norske sjøfarts historie 1 57. Egils saga. k. 37. hermer ikkje sjølvje verse, visor berre til «kvæde» um Eirik Blodøks; men forteljninga bygger tydeleg på same verse som det vi finn i andre sogur um Harald Gråfeld.

<sup>2</sup> Forteljninga står i Heimskringla.

gong kom det ei islensk skute inn til Hardang med skinnvarer (dei måtte vel vere henta ifrå Nord-Noreg då); men so var det ingen som vilde kjøpe dei islenske feldane. Styrmannen for då til kong Harald og klaga vanden sin, og kongen lova han skulde kome og sjå kva han kunde gjere. So kom han siglande med full mannskap, såg på varene og spurde styrmannen: «Vil du gje meg ein gråfeld?» «Gjerne meir enn ein,» sa styrmannen. Kongen tok so ein feld og slengde um okslene sine. Men då mennene hans såg det, kjøpte dei seg kvar sin feld, dei òg, og sidan kom det so mange og vilde kjøpe, so farmen åt islendingane rakk ikkje til åt halvparten. Etter det vart kongen heitande Harald Gråfeld.

Det er greitt at ingen kann segje at slik ein tilgang er radt umogleg. Men fælt rimeleg er ikkje forteljinga heller. Alle dei andre kongelege tilnamna vi har, har grunnlag i meir varige ting enn slik ei høves-hending. Og helst vil vi søke heider i tilnamne. Men då er det naturleg å feste Gråfeld-namne i hop med den merkelege og viktige ferda som kong Harald gjorde til gråfeld-lande i nord, Finnmark og Bjarmaland. Han gjorde skinnhandelen — «finnferda» — til fast led i riksstyring og riks-inntekter, og denne ny-vinningen i norsk historie, utviding på ein gong for kongsmakta og for det norske rike, torer vi soleis tidfeste til 1020-åra. Når det blir sagt<sup>1</sup> at Olav Haraldsson i 1020-åra rådde for Noreg alt nord til Gandvik, so kann vi no legge attåt at han her tok arv etter Harald Gråfeld, og namne Gråfeld, so kvardagsleg og turtenkt som det kann lyde, tek til å lyse med glansen ifrå sann kongeleg gjerning.

Vi lyt vedgå at vi har inga greie på kor titt nordmennene sidan for i Bjarmalands-ferd. Det er heilt

<sup>1</sup> Av Styrme Frode, Flb. III 246.

naturleg at sogune ikkje fortel um slike ferder når dei ikkje på ei eller anna vis greip sterkt inn i dei hendingane sogu-mennene vil skildre. Men at lande der burte frå no var ein levande led i synsringen åt norrønt folk, det kjem greitt fram i det verse ein islending laga berre få år etter Harald Gråfeld hadde fare til Dvina-osen; for islendingen likna sitt eige land med «tåkelande i Gandvika<sup>1</sup> Sjølve namne Gandvik som vi soleis finn i bruk ifrå 10de hd.-åre, var eit norskt namn, og det feste seg so sterkt so finnane og tok det upp (i forma Kandalaks). Dessutan er det verdt å merke seg kor stort eit rom Bjarmalands-ferdene fekk i dansk segn i dei næste hundreåra.<sup>2</sup> Alt slikt tyder på at samkvæme med Bjarmaland stendigt vart halde uppe.

I saga um Olav den Heilage fortel Snorre um at kongen sende hirdmannen sin, Karle frå Langøy (Vesterålen), på ferd til Bjarmaland, og Karle hadde fylgje på ferda med bror sin, Gunnstein, og med stor-hovdingen Tore Hund på Bjarkøy. Snorre fortel ikkje um dette som det skulde vere noko merkeleg at kongen hadde umbodsrenner i veg tii Bjarmaland; han tek det med for di Tore Hund på denne ferda drap den kongelege hirdmannen og soleis kom i open strid med kongen. Frå-segnene frå ferda har kome til han ifrå håløygske sogur um Tore Hund og ætta på Bjarkøy og Trondarnes,<sup>3</sup> og det var alltid håløygene som gjorde Bjarmalands-ferdene. Forteljinga hos Snorre syner greitt at ferdene til Bjarmaland gjekk for seg etter same skipnaden som finnferdene; det var ei merkeleg blanding av handel og hærferd. Fyrst hadde Karle og Tore kjøpstemne med bjarmane

<sup>1</sup> Finnar Jónsson, Skjald. A. I 100, etter Eyjolv Valgjerdsen i Jomsviking-soga.

<sup>2</sup> Sjø Saxo Grammaticus, ymse stader.

<sup>3</sup> Toralf Berntsen, frå sagn til saga, s. 136—147.



på den marknadsplassen som lag eit stykke upp i Dvina-elva, venteleg der som sidan byen Cholmogory voks upp, og der kjøpte nordmennene store mengder med gråvare og dertil bøver- og sobel-skin. Etterpå sa dei upp freden, og røva der dei kunde kome til. Avtala var at kongen skulde ha helvta av alt som hirdmannen hans vann på denne ferda. Men Tore Hund førde mykje av gråvara burt til England, liksom det er sagt at syslemannen åt Harald Hårfagre gjorde med gråvara frå Finnmark.

Det er mogleg at desse; forteljingane um utførsel til England kann ha kome inn i sogune for di sogu-skrivarane kjende til slikt ifrå samtida si. Men det er i minsto verdt å legge merke til at når ein ikkje reknar med alle meldingane um at den engelske kongen stendigt fekk haukar og geirfalkar ifrå Noreg, so er det gråverk (*grisium opus*) som er den fyrste norske innførsels-vara som blir nemnd i engelske aktstykke, — i eit brev frå 1213<sup>1</sup> um ei norsk skute som kom til Tynemouth (Newcastle).

Det er vel rimeleg at det alltid var vanskeleg for dei norske kongane å halde uppe makta si so langt burte som i Kvitehave. Men dei hadde då jamt Bjarmaland i tankane. Medan Olav Kyrre var konge, i slutten på styringstida hans (kringum 1090), var brorson hans, den unge Håkon Magnusson Toresfostre, han som sidan var konge eit par år (1093 - 95), ute på ferd til Bjarmaland. Der «heldt han slag og fekk siger,» står det i kongesogune, og meir veit vi ikkje um det: men det måtte vel vere kongen sjølv som hadde sendt hau i veg.

I ufredstidene i 12te hd.-åre kann det nok hende at Bjarmaland vart noko avgløymt i norsk politikk. Ein bør visseleg ikkje legge altfor mykje vekt på at det aldri blir nemnt i sogune frå denne tida; um kongane kanskje

<sup>1</sup> DN. XIX 86, nr. 100.

ikkje hadde stunder til å tenke på det, so kunde då h  l  ygene drive p   med ferdene sine dit. Men vi torer nok tenke oss at nye vilk  r no heldt p      sette stans for fersla.

Medan Skule jarl og H  kon H  konsson styrde Noreg, h  yrer vi p   nytt — og no for siste gongen — um Bjarmalands-ferder. Straks etter 1217 var det at nokre hovdingar fr   ymse kantar av lande — den som blir nemnd fyrst, var ein nordm  ring, ein av mennene   t Skule jarl, og ein av dei andre var ein harding, — slo seg i hop og for i k  pferd til Bjarmaland med to skuter. Eit par av dei kom tilbake same   re; men dei andre vart verande med vinteren i Bjarmaland, og der kom dei i strid med bjarmane, og dei fleste vart drepne. Til hemn for dette var det at dei to systemennene som styrde for kongen og jarlen lengst nord p   H  logaland, tok ut p   h  rferd til Bjarmaland med fire skip i   re 1222. Der gjorde dei, st  r det i saga um kong H  kon, «stort h  rverk med manndrap og ran. og dei fekk seg mykje gods i gravare og i sylv».

Men det som er det merkelegaste i denne meldinga, det er det tillegge som ho f  r i saga: «sidan har det ikkje vore gjort noka ferd til Bjarmaland». Soga er skriven i 1260-  ra og bygger p   oppskrifter i det kongelige kansellie.<sup>1</sup> Det er d   n  r-sagt ei offisiell melding vi her har, um at den norske riksstyringa under H  kon H  konsson gav upp Bjarmalands-politikken. Og sidan den tid h  yrer vi da heller aldri meir eit ord inn norske Bjarmalands-ferder. Fr   1222 kann vi segje at samkv  me mellom Noreg og Bjarmaland var brote.

Det er vel umaken verdt    sp  rje etter kvi dette brote kom. I ei avhandling eg skreiv i «H  l  ygminne» 1924, med tilf  re av verke   t Oscar Albert Johnsen

<sup>1</sup> Sj   avhandlinga mi i HT. 5. R. VI 16 - 30.

um «Finmarkens politiske historie», heldt eg fram<sup>1</sup> at grunnen måtte vere at kjøpmennene frå Novgorod i Russland kom landvegen nord til Bjarmaland og tevla ut nordmennene i skinnhandelen. Eg har sidan freista granske dette spursmåle noko nøggjare, og alt eg har funne, stadfester den tanken eg den gongen la fram.

«Store Novgorod» var ein gamal by, kanskje eldre enn sjølve det russiske rike, gjennom mange hundre år den viktigaste, ja i røynda den einaste store handelsstaden i heile nordvestparten av Russland. Dei gamle nordbuane kalla han for Holmgard, og dei hadde mykje samband med han, både politisk og unna; vegen deira til det byzantinske rike og til øysterlanda gjekk yver Novgorod. Eg tarv ikkje her greie ut kva det var som gav Novgorod so stort eit rom i det russiske handelslive; det som i denne samanhengen er hovudsaka, det er at den novgorodske handelen greip so vidt ikring seg ifrå det 12te hd.-åre, — både vest-etter yver Gotland til dei nordtyske byane, sør-etter til Byants og nord-etter til Kvitehave.<sup>2</sup> Ei av dei storr utførsels-varene novgorodane hadde, var skinn, og ikonn-skin, gråvara, vart jamvel nytta som pengar i umsetnings-live i Novgorod. Men skinn, serleg ikonn-skin, fekk dei aller mest ifrå dei store skogane nord ikring Dvina og ned imot Kvitehave. Derifrå henta dei dessutan fugl og fisk, so fersla deira på den kanten fekk meir og meir å segje for dei. Det er på ein måte merkeleg nok at dei ikkje — eller i minsto lite — søkte vegen rett nord fram

<sup>1</sup> Sjå serleg A. I. Nikitskii, historia um det økonomiske live at Store Novgorod (история экономического быта Великого Новгорода), Moskva 1893. Sfr. dessutan M. Bjerresjkov, Um handelen at russane med hanseutane fram til slutten av 15de hd.-åre (О торговле Руси с Ганзой до конца XV века), S.-Petersb. 1879.

til Kvitehave yver Onjega-sjøen ned til Onjega-osen; men det er fælt myrlendt på den kanten, og utfor Onjega-osen er Kvitehave so grunt so det er uråd å kome ut på sjøen derifrå. Og det kunde no berre bli utfor Dvina-osen at dei kunde støyte i hop med nordmennene. Dit tok dei vegen aust-etter, fyrst til Vologda, — denne byen blir fyrste gongen nemnd i åre 1147, og han kom sidan til å bli ein hovud-stasjon for handelen med Sibiria. Frå Vologda går fersla av seg sjølv ned-etter elva Suchona, den som er største tilrenne til Dvina, og det fins ei oppskrift som syner at novgorodane var kjende heilt fram til sjølve Dvina i minsto i åre 1137. Der som Suchona renn i hop med elva Jug og dermed blir til Dvina, lag frå gamal tid ein liten handelsstad som heitte Ustjug (d. e. Jug-osen), og kringum 1200 høyrer vi at novgorodane sette seg fast her; dei flutte byen ein fjordungs veg lenger opp med Suchona og gjorde han til ei festning, «Store Ustjug», so dei derifrå kunde halde hand yver all handelen i Dvina-lande. Alt i 1187 hadde dei fått gjort lande so langt imot nordaust som fram til elva Petsjora skattskyldigt under seg, og det er berrsynt nok at dei streva med å drage handelen i heile Nord-Russland inn under sitt einvelde.<sup>1</sup>

Ein ser då korleis kjøpmennene frå Novgorod alt ifrå 12te hd.-åre arbeidde på å tevla ut dei norske Bjarmalands-fararane, og ein skjønner kvifor det kunde lukkes for dei å nå måle sitt i fyrstninga på 13de hd.-åre. Dei hadde ein sterk handelsskipnad med mykje betre grunnlag, både økonomisk og militært, enn nordmennene; den norske fersla på Bjarmaland var altfor laus, med ut-

<sup>1</sup> Eg viser til ei ser-avhandling um den novgorodske busetninga i Nord-Russland av S. F. Platonov og A. I. Andrejev, prenta i hefte-skrifte *Очерки по истории колонизации Севера и Сибири*, 1 р. 26—37 (Peterburg 1922).

gangsstaden og maktstønaden altfor langt unda, til at ho kunde stå seg i denne tevlinga, — Bjarmaland vart stengt for nordmennene.

Ein russisk historieskrivar, K. Tiander, som har skrivne eit serskilt, i visse måtar elles noko ukritisk verk um nordbu-ferdene til Kvitehave,<sup>1</sup> har alt i 1906 lausleg peikt på at den novgorodske tevlinga jaga nordmennene burt. Han gissar dessutan på at novgorodane kanskje har drive burt sjølve dei bjarmane som var vande med å handle med nordmennene. I saga um Håkon Håkons-son er det fortalt at kongen sette ned i Malangen ein heil flokk med bjarmar som hadde rømt til Noreg «for ufreden åt tatarane». No kann ikkje godt dette vere rett; for tatarane, eller mongolane, som velte seg inn yver Russland i 1240- og 1250-åra og jamvel gjorde Novgorod skattskyldigt, nådde aldri fram so langt som til Kvitehave, og inga folk der turvte ta på røming for dei. Tiander meiner difor at bjarmane måtte ha rømt for hærfolk ifrå Novgorod. Koss det no kann ha seg med dette, so synes det visst at det i desse tidene gjekk for seg eit folkeskifte i lande sunnanum Kvitehave: bjarmane vart undatregnde og har vel gått upp i det karelske frende- og grannefolke, og i staden kom syrjanane, ei anna grein av den finske folke-ætta. Det kann vere tenkeleg at dette folkeskifte har havt noko å gjere med den novgorodske framstøyten imot Kvitehave og har gjort det enda vandare for nordmennene å halde fram med ferdene sine dit. Men det kann ikkje godt vere tvilsamt at det er sjølve den novgorodske tevlinga som er hovudsaka.

No er det greitt at når novgorodane fekk teke ifrå nordmennene so viktig ein produksjons-stad for skinn-

<sup>1</sup> Поездки Скандинавов в Белое Море, St. Petersburg 1906, sjå s. 438--39.

varene Som Nord-Russland var, so måtte dei bli farlege medtevlarar for den norske handelen med skinnvarer i dei landa som nordmennene fyrr hadde drive med utførsel til. Og det kunde vere fåre for at heile skinnhandelen ifrå Finnmark skulde bli so ulønsam so nordmennene likso godt drog seg burt ifrå Finnmarka òg. Då var det ei stor lukke for det norske herredøme her, at kjøpmennene ifrå dei nordtyske byane nett på denne tida gjorde fisk-utførsla ifrå Noreg til ei stordrift som kravde større og større mengder av fisk, og eg trur ein må rekne med at det var denne nye etterspurnaden som skapte Finnmark-fiske, so det nett no, ifrå slutten av 13de hd.-åre, voks upp ei norsk folkesetning langs etter Finnmark-strendene so langt aust som til Varanger. Dette umskifte har eg greidd ut um fyrr i annan saman-, heng,<sup>1</sup> og eg skal ikkje ta det uppatt her. Her er det vilkåra for skinnhandelen og fylgjene av skifte i dei. som eg talar um.

Sidan nordmennene miste gråvara ifrå Bjarmaland, vilde det vere naturleg å tenke seg at dei freista finne vederlag for det tape dei soleis leid. Og for eit par ar sidan, i ei melding eg skreiv<sup>2</sup> um eit verk av Edv. Bull, «Jemtland og Norge», heldt eg fram den tanken at dei kanskje både søkte og fann vederlage i Jemtland. Det kann høyres bisneleg med det same: men det er ymse ting som kann gjere tanken rimeleg.

Ein torer vel segje at dei fleste norske historiegranskarane no er samde um at Jemtland ikkje kom med i det norske rike fyre 1170-åra under kong Sverre. Det har nok kanskje vore gjort freistnader på a vinne Jemtland for Noreg noko fyrr, fyrst under kong Øystein Magnussen (umlag 1110) og so medan Erling Skakke og

<sup>1</sup> Håløygminne 1921, h. 1—2, s. 39—44.

<sup>2</sup> Arbeiderbladet 17. desb. 1927 nr. 343.

erkebisp Øystein styrde rike for Magnus Erlingsson (umlag 1170). Men det var fyrst Sverre Som for alvor fekk lagt Jemtland under norsk styring. Difor var det at då dei faste bispedøma vart skipa i Noreg og Sverige i fyrstninga på 1100-tale, då kom Jemtland under den svenske bispen i Sigtuna og etterpå, frå 1104, under erkebisen i Upsala.

Vil ein no spørje kvi det kunde vere at den norske riksstyringa, og serleg kanskje erkebisen i Nidaros, på den tida tok til å streve for å vinne Jemtland, då må ein ha greie på kva det i det heile var å vinne i Jemtland. Og då har Edv. Bull gjort det fullklart at noko av det viktigaste i næringslive åt jemtane var handelen med skinnvarer.<sup>1</sup> Skinne gjekk som pengar i lande, og skatten til krona gjekk ut i skinn, — kvitskinn og gråverk eller røyskatt- og ikonn-skinn; dessutan er det tale um bøver-, mård- og gaupeskinn. Alle slike skinnvarer var det jemtane selde ut or lande og tente seg pengar på. Og her var pengar å tene for dei som tok imot varene.

Det er eit merkeleg tilhøve at det gjekk so brått ut med den gamle svenske handelsbyen Sigtuna i slutten av 1100-tale, kanskje av di han vart tevla ut av Visby på Gotland, og det er tydeleg at erkebisen i Upsala ikkje kunde gjere seg nytte av skinn-tienda frå Jemtland, — han vilde helst ha korn og smør. På den andre sida var det nett no at erkebisen i Nidaros, og alle andre som dreiv utførsels-handel i Trondheimen, fekk bruk for skinnvarer frå ein ny kant. Fyrr var det helst håløygene som hadde ført fram skinn til dei, frå Finnmark og frå Bjarmaland. Men no minka tilførsla derifrå, og so baud jemtane seg fram med sin rikdom på dyrefelder. Det var sams bate som drog jemtar og trøndar i hop, og utkoma vart den nye norske Jemtlands-politikken.

<sup>1</sup> Jemtland og Norge, s. 82 f.

Det kann vere tvilsamt nok um trøndane greidde a få upp utførsels-handelen sin med feldane frå Jemtland. Edv. Bull meiner at dei engelske toll-rullene frå fyrstninga av 14de hd.-åre berre gjev «en svak forestilling om den betydelige skinnutførselen som må vere foregått frå Trondhjem». I røynda er det mest berre geit-skinns og bukkskinns som blir nemnt i tollbokene mellom varer frå Trondheimen,<sup>1</sup> og det er ingen grunn til å tru at slike skinn kom ifrå Jemtland. Det er ytarleg sjeida at vi råkar på ei oppskrift som nemner gråskinn, reinskinns eller elgskinn<sup>2</sup> som kunde vere kome frå Jemtland. Derimot syner det seg at det kom mengder av gråverk ifrå Gotland.<sup>3</sup> og det var just russisk vare som soleis tevla ut den norske i heile Vest-Europa. Vi lyt nok helst tru at dei jemtske feldane vart selde innalands i Noreg. Men då er det ikkje visst at vinningen for jemtane vart so stor som dei kunde havt von um frå fyrsten, og då kunde vel sambande med Noreg losne noko smatt um senn. Det kann i minsto gje noko av forklaringa på at Noreg etter kvart miste take på Jemtland.

Eg skal viljugt vedgå at den gissinga eg her har sett fram um samanhengen med at Jemtland kom til Noreg, berre er og kanskje aldri kann bli anna enn ei gissing. Vi har dess verre so altfor smatt med pålitande kunnskap um norsk historie i midalderen; det skortar so syrgjeleg på aktstykke. Men det er ingen fyrr som har freista gje svar på det spursmålet eg her har dryft, og so lyt gissinga mi få våge seg.

So mykje trur eg i minsto eg har gjort klart, at skinn-handelen har vore ein viktig led i den gamle norske riks-politikken og har havt avgjerings-makt i tilhøve til

1 DX. XIX 499 o. fl. st.

2 DX. XIX 512, 528, 555, 557, 651.

3 DX. XIX 465. 466, 487, 500, 501, 523, 550, sfr. 565.



Bjarmaland. Det er ein vinning for syne vårt på den gamle Noregs-historia, når vi torer slå fast at det var ikkje berre eventyr-trong og viking-hug som førde nordmennene heilt aust um Finnmark burt i Kvitehave, - det var ein realpolitisk tanke som låg bak. Det er ein politikk som gjerne må ta namn etter den kongen som fyrst reiste han, — Harald Gråfeld. Og politikken vart halden uppe i umlag 250 år. Det er mogleg at tilbakegangen for den norske handelen på Bjarmaland fekk dei store statsmennene i 12te hd.-åre, erkebisp Øystein og kong Sverre, til å vende tanken imot Jemtland og førde dei til å feste eit samband som varde i innpå 500 år. I alle høve var det sterke økonomiske umsyn som låg under den norske politikken.

I 19de hd.-åre skapte norsk politikk eit slagord um at ein ikkje må tøygje seg lenger enn skinnfelden rekk. Det er eit ord som føddes av mistru til eigen styrke, då kann det vere gledeleg å sjå at skinnfelden ein gong kunde rekke vidt ut og hjelpe med til å gjere Noreg stort og rikt: han har ikkje berre vore til veikskap i norsk historie.

#### ENGLISH SUMMARY

The author attempts to show the connection between the Norwegian fur trade especially the trade in grey fur and Norwegian politics. As early as about 900 we have evidence that chieftains in Halogaland, possibly in the service of king Harold Hårfagre, went to the old Finnmark (in this case probably what is now Swedish Norrbotten) to purchase furs from the Fins. In the 960ies the Norwegian king Harold Gråfeld, grandson of Harold Hårfagre went as far as to the mouth of the Dvina in the White Sea, to the

country which the Norwegians called Bjarmaland, no doubt in order to assert the right of the Norwegians to the fur trade in that country. The author supposes that this was where the king got his surname.

From that time the White Sea was claimed as the North-eastern boundary of the Realm of Norway, and royal officials went there on account of the fur trade, e.g. about 1020 and about 1090. An official statement from the 1260ies informs us that the last Norwegian Bjarmaland expedition took place in the year 1222, and it is certain that communication with the White Sea had progressively declined during the 12th. century. We have data showing how Russian traders from Great Nowgorod pushed northwards during the 12th. and 13th. centuries and little by little captured the fur trade in the country round the Dvina. This evidence leaves no doubt that it was the competition of the Russians which drove the Norwegians out of the White Sea trade. The Norwegian supremacy in Finnmark was nevertheless maintained, because the Hanseatic towns were turning the Norwegian cod fisheries into a business of importance to world trade, and as a consequence Norwegian fishermen settled along the coast of Finnmark.

The author argues, however, that the Norwegians sought compensation for the loss of the White Sea furs in Jemtland, which landscape was united with Norway in the course of the 12th. century, at any rate from 1177. But English customs rolls from the early 14th. century show that Russian furs at that time were dominating the English market, and the Jemtland furs were not able to save Norwegian export trade. This failure prepared the way for the loss of Jemtland, which at last in 1645, was conquered by Sweden.